

Rapporten frå kontrollutvalet 2024–2025

Arbeidsåret

Kontrollutvalet for arbeidsåret 2024/2025 har vore leiar Hilde Horpen og medlemane Dorteia Elverum og Henrik Hageland. Mandatet til utvalet er gjeve i § 15 i vedtektene til Senterungdomen, der den overordna oppgåva til utvalet er å taka ein heilskapleg vurdering av arbeidet til sentralstyret innanføre lover, vedtekter, arbeidsplan og budsjett. Utvalet har hatt eitt fysisk møte (10. til 12. oktober 2025), der ein hadde samtalar med sentralstyret og dei tilsette. I tillegg har utvalet hatt noko digital korrespondanse. Utvalet har gjennom arbeidsåret svart på spørsmål knytt til vedtekter.

Medlemssystemet

Fyrige rapport frå kontrollutvalet peika på fleire manglar med medlemssystemet. Utvalet finn at medlemssystemet er prioritert. Særleg når det gjeld innmelding av nye medlemmar, som no kan gjerast via Vipps. Det er ogso oppretta ein e-post for medlemspleie som har forenkla arbeidet. Jamvel er medlemssystemet enno uoversiktleg for somme lokal- og fylkeslag, dette har utvalet forstått at kontoret arbeidar med å betra.

Utvalet tilrår:

- At det kjem klåre føringar for korleis ein kan melda seg inn via Vipps.

Økonomi

Utvalet merker seg at sentralstyret ikkje har tilstrekkeleg kontroll over om den økonomiske situasjonen. Rekneskapen for 2024 vart ikkje godkjent innanføre fristen i mai. Sentralstyret svarar heller ikkje tilfredsstillande på grunnleggjande spørsmål om økonomien til organisasjonen.

Utvalet tilrår:

- At sentralstyret og landsstyret mottok ein laupande rapport om økonomien minst tre gonger i arbeidsåret.
- At rekneskapen vert godkjend etter vedtektene § 12.3.
- At sentralstyret får opplæring i det økonomiske ansvaret innan to månader etter dei er valt.
- At ein rapporterer inn bidrag etter gjeldande lover og reglar.

Administrasjon og rutinar

Utvalet merker seg at det jamt over vert jobba godt i organisasjonen. Senterungdomen har flinke tilsette, eit engasjert sentralstyre og ei god organisasjonsutvikling. Utvalet ser jamvel at kontoret er sårbart og ein treng difor klåre retningslinjer for arbeidsfordeling ved fråvær.

Utvalet tilrår:

- At rutinar for innkalling og sakspapir vert skjerpa og fylgt.
- At innkalling til landsmøtet skjer i tråd med fristen i § 10.1.
- At kontoret får klare retningslinjer for korleis ein kan avlasta dei tilsette i ein situasjon med redusert kapasitet.

Avsluttande merknader

Utvalet merker seg at det vert jobba godt i organisasjonen, men ser at ein treng ei betring spesielt innan økonomistyringa og arbeid med rutinar. For å betra arbeidet tilrår utvalet at ein brukar tilgjengelege ressursar, slik som Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) i opplæring av styreansvar og økonomi. Utvalet forstår at det har vore eit krevjande arbeidsår med hyppige utskiftingar, og til tider manglande ressursar på kontoret. Difor bør organisasjonen betra rutinar for å kunna vera førebudd på krevjande tider i framtida. Rapporten til utvalet bør verta teken opp på sentralstyremøta og ein bør jobba aktivt med tilrådingane.